

Norske tenåringsmødrer – få men fattiø

metadata, citation and similar papers at core.ac.uk

brought to you by

provided by Statistics Norway's Open Research R

Det blir stadig færre tenåringsmødrer i Noreg, samstundes er dei økonomiske levekåra til desse mødrene klårt dårlegare enn for mødrer som får barn seinare i livet. I 2001 hadde tenåringsmødrer meir enn tre gonger så stort sannsyn for å ha låginntekt som andre mødrer, og dei får langt oftare stønader som sosialhjelp og bustøtte. Sjølv etter fleire år klarer ikkje dei kvinnene som fekk barn som tenåringar å henta inn att forspranget i inntekt som dei andre mødrene har. Tvert i mot ser skilnadene ut til å auka. Å bli tenåringsmor kan vera inngangen på ein dårleg sirkel som kan resultera i dårlege økonomiske levekår seinare i livet.

Dei siste tiåra har det vore ein klår nedgang i talet på kvinner som får sitt første barn som tenåring. I 2001 vart 1 367 tenåringsjenter i Noreg mor for første gong, dette var 6 prosent av alle førstegongsfødande¹. Om ein ser på perioden 1986-2001 under eitt, ligg talet på tenåringsmødrer som del av alle førstegongsfødande eit par prosentpoeng høgare. I 2001 vart det fødd 11,0 barn per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. Kontrasten til perioden 1971-75 er slåande: Då var det i gjennomsnitt 44,0 levandefødde barn per 1 000 kvinner i aldersgruppa 15-19 år.

Laila Kleven og
Oddbjørn Haugen

Risikabelt å bli mor i tenåra

Tenåringsfødlar blir ofte omtalt som eit problem med mange sider (sjå til dømes Myklestad 2003). Å bli tenåringsmor blir knytt til ei rekke negative forhold både medisinsk og sosioøkonomisk. Til dømes blir det funne samanhengar mellom det å bli tenåringsmor og depresjonar, dårlege buforhold og større behov for offentlege stønader. Resultata av ulike studiar viser at tenåringsmødrer startar ein vond sirkel der også barna deira har større risiko for å få problem. Barn av tenåringsmødrer har dårlegare helse, gjer det dårlegare på skulen og får dårlege økonomiske levekår seinare i livet (Unicef 2001).


Som ei følgje av at gjennomsnittsalderen for førstegongsfødande i Noreg har auka dei siste tiåra, er også skilnaden mellom tenåringsmødrer og eldre mødrer blitt større. Når mødrene blir eldre heng dette gjerne saman med at dei til dømes prioriterer utdanning og karriere framfor å få barn tidleg. Eldre mødrer står difor ofte betre rusta økonomisk enn tenåringsmødrerne. Samstundes kan ein frykta at tenåringsmødrer kjem dårlegare ut ved at dei avsluttar skulen tidleg, får dårleg betalte jobbar og blir avhengige av offentlege stønader.

For ein generasjon sidan fekk tenåringsjenter i regelen barn innanfor ramme ne av det økonomisk trygge ekteskapet. I dag kan det verka som om tenåringsmødrane i større grad må klara seg økonomisk på eiga hand. Mange må ta hand om barnet åleine frå fødselen av, mens andre opplever samlivsbrot og av den grunn endar opp som åleinemor. For ei åleinemor kan det bli ei utfordring å kombinera omsorg for barn og inntektsgivande arbeid, og følgjeleg blir risikoen større for å falla utanfor arbeidslivet. Offentlege støtteordningar har i seinare år auka i omfang og kan kompensera noko for bortfallet i yrkesinntekt, men fleire undersøkingar viser likevel at tilknyting til

Laila Kleven er førstekonsulent i Statistisk sentralbyrå, Seksjon for inntekts- og lønnsstatistikk (laila.kleven@ssb.no).

Oddbjørn Haugen er rådgjevar i Statistisk sentralbyrå, Seksjon for inntekts- og lønnsstatistikk (oddbjørn.haugen@ssb.no).

Figur 1. Talet på levandefødde barn per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. Noreg. 1981-2001¹



¹ Inkluderer alle barn fødde av kvinner i alderen 15-19 år og ikkje berre det første barnet.

Kjelde: Befolkningsstatistikk.

arbeidslivet er den viktigaste forsikringa mot låg inntekt (Lyngstad og Epland 2003, Statistisk sentralbyrå 2004, sjå også Ugreninov 2004).

Tenåringsmødrer i EU har dobla risiko for låginntekt

Berthoud og Robson (2001) har med data frå 12 EU-land studert levekåra til kvinner som fekk sitt første barn i tenåra. Analysen viser at når ein samanliknar tenåringsmødrer med dei som vart mor for første gong i 20-årsalderen, er det dobbelt så mange med låginntekt i den førstnemnte gruppa. Den noko dårligare økonomiske situasjonen til tenåringsmødrane heng saman med fleire forhold. Blant tenåringsmødrane er det fleire som har ansvaret åleine for å oppdra barnet/barna. Ein større del blant desse kvinnene er i hushald der ingen av dei vaksne medlemene er i lønna arbeid. Samanlikna med kvinner som fekk første barnet sitt i 20-årsalderen, er det dobbelt så mange av tenåringsmødrane som har låg utdanning. Tre gonger fleire av tenåringsmødrane er dessutan avhengige av økonomiske bidrag utanfrå familien enn kva andre mødrer er.

Fleire norske tenåringsmødrer med låginntekt

Norske tenåringsmødrer er klårt overrepresenterte i låginntektsgruppa. Etter OECD sin definisjon av låginntekt, tilhører 9 prosent av tenåringsmødrane hushald med låginntekt, mot 3 prosent av alle andre mødrer. Til samanlikning lever 4 prosent av alle personar i hushald med låginntekt i 2001 (Statistisk sentralbyrå 2003). Dersom me i staden ser på personane i lågaste inntektskvintil, viser tala at dobbelt så mange tenåringsmødrer har låginntekt samanlikna med dei andre mødrane. Heile 39 prosent av tenåringsmødrane

Datagrunnlag

Bakgrunnen for denne artikkelen er SSB si inntekts- og formuesundersøking for 2001. Ved hjelp av befolkningsstatistikken til SSB finn vi det eldste barnet til kvar kvinne i denne undersøkinga. Tenåringsmødrer blir definerte som kvinner som fekk første barnet sitt før dei fylte 20 år. Gruppa av andre mødrer er kvinner som fekk første barnet sitt når dei var 20-45 år. For å bli med i utvalet måtte mødrane bu saman med eldste barnet sitt på intervjuditpunktet. Alderen til det eldste barnet er avgrensa til 0-15 år, slik at tenåringsmødrane i dette datamaterialet er i alderen 15-35 år. Utvalet er dermed avgrensa til å innehalda kvinner som vart mødrer for første gong i perioden 1986-2001. Totalt er det 5 985 mødrer i datagrunnlaget, av desse er 411 tenåringsmødrer.

Analyser av økonomiske levekår legg til grunn at det er i hushaldet inntektene blir omfordelte og forbrukte. I analysen ser me difor på den samla hushaldsinntekta for alle personar i hushald der det finst tenåringsmødrer, og ikkje berre mødrane sine personlege inntekter.

Definisjon av låginntekt

For å kunna samanlikna økonomisk velferd til hushald med ulik storleik og samansetjing, er det vanleg å justera hushaldsinntekta ved hjelp av såkalla ekvivalensskalaer eller forbruksvekter som skal ta omsyn til stordriftsfordelane ved å bu fleire saman. Ein reknar då ut ei ekvivalentinntekt som kan samanliknast på tvers av ulike hushald.

Ekvivalentinntekt (inntekt etter skatt per forbrukseining) er hushaldet sine samla inntekter etter skatt justert for storleiken og samansetjinga av hushaldet. Justeringa i denne analysen blir gjort med vekter etter den såkalla OECD-skalaen der det første vaksne hushaldsmedlemmet får vekt lik 1,0, neste vaksne får vekt lik 0,7 og barn får vekt lik 0,5. Eit hushald på 2 vaksne og 2 barn vil med dette mått ha ei inntekt som er $2,7 (1,0 + 0,7 + 0,5 + 0,5)$ gonger det ein einsleg har, for å ha same økonomiske levestandard.

Det finst fleire ekvivalensskalaer der stordriftsfordelene blir tillagt ulik vekt. OECD-skalaen gir ein relativ moderat stordriftsfordel. Me har valt å bruka OECD-skalaen for å kunna samanlikna dei norske tala med tilsvarende internasjonale tal.

Når me vurderer kven som har dårlege økonomiske levekår, bruker me to ulike mål som begge tek utgangspunkt i ekvivalentinntekta for alle personar i utvalet. Den første er låginntektsgruppa etter OECD sin definisjon. Ut frå denne vil personar med ei inntekt som er mindre enn 50 prosent av medianen for alle personar, tilhøra låginntektsgruppa. Den andre definisjonen seier at personar som er blant dei 20 prosentane med lågast inntekt, er i lågaste inntektsklasse, også kalla den lågaste inntektskvintilen.

Tabell 1. Inntekt etter skatt og låginntekt. Tenåringsmødrer og andre mødrer i same aldersgrupper. 2001. Gjennomsnitt og prosent

	Tenåringsmødrer			Andre mødrer		
	20-24 år	25-29 år	30-34 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år
Inntekt etter skatt per forbrukseining	125 700	130 200	135 400	144 100	157 100	167 800
Prosent i lågaste kvintil	40	47	34	23	22	18
Prosent i låginntektsgruppa	12	7	7	8	4	3
Talet på observasjonar	105	113	161	193	992	1 749

Kjelde: Inntekts- og formuesstatistikk for hushald, Statistisk sentralbyrå.

har låginntekt, mot 18 prosent blant andre mødrer. Til samanlikning tilhøyre (per definisjon) 20 prosent av alle personar hushald i den lågaste inntektskvintilen.

Det er velkjent at faktorar som yrkestilknyting, alder, utdanning og kor vidt ein lever i eit parforhold eller er einsleg forsørgjar påverkar inntekta i hushaldet. Yngre mødrer har lågare inntekter både på grunn av lågare utdanning og mindre ansiennitet i ein eventuell jobb enn dei eldre har (Lyngstad og Epland 2003, Statistisk sentralbyrå 2004, Ugreninov 2004). Eit anna forhold som det kan vera interessant å sjå nærmare på, er kor vidt innvandrarbakgrunn har nokon relevans. Undersøkingar har vist at ikkje-vestlege innvandrarar har høgare risiko for låginntekt enn andre, sjølv når det blir kontrollert for utdanning, alder og yrkesaktivitet (Fløtten 2003).

Skilnadene aukar med åra


Medan tenåringsmødrer i gjennomsnitt har ei inntekt etter skatt per forbrukselining på 132 300 kroner, er det tilsvarende talet for andre mødrer 167 800 kroner. Noko av dette kan nok forklaast med at tenåringsmødrene i datamaterialet gjennomgåande er yngre enn andre mødrer. Gjennomsnittsalderen for tenåringsmødrene er 27,9 år, medan den for dei andre mødrere er 34,4 år.

Tala viser at det er ein samanheng mellom inntekt og alder. Jo eldre mor er, jo høgare er inntekta. For tenåringsmødrer i alderen 20-24 år utgjer inntekt etter skatt per forbrukselining 87 prosent av tilsvarende tal for andre mødrer. I aldersgruppa 30-34 år har tenåringsmødrene berre 81 prosent av kva andre mødrer har i inntekt etter skatt per forbrukselining. Skilnaden mellom dei to gruppene blir med andre ord større jo eldre mødrrene blir.

Blant tenåringsmødrene er det ein klårt større del som er i den lågaste inntektsklassen. I aldersgruppa 20-24 år er 40 prosent av tenåringsmødrene i lågaste kvintil. Blant dei andre mødrane er det tilsvarende talet 23 prosent. Størst skilnad ser me i aldersgruppa 25-29 år: Heile 47 prosent av tenåringsmødrene hamnar i lågaste inntektsklasse, mens berre 22 prosent av dei andre mødrere hamnar her. Tilsvarende ser me at låginntektsgruppa er omrent dobbelt så stor blant tenåringsmødrer som for dei andre mødrere.

Tenåringsmødrer har lågare utdanning

Å få barn i tidleg alder kan gjera det vanskelegare å halda fram med utdanninga. Dersom me samanliknar utdanningsnivået blant tenåringsmødrer og andre mødrer, er det ikkje uventa stor skilnad på tala. Medan 17 prosent av

Figur 2. Utdanning for tenåringsmødrer og andre mødrer. 2001. Prosent

Kjelde: Inntekts- og formuesstatistikk for hushald.

**Tabell 2. Låginntekt for tenåringsmødrer og andre mødrer i same type hushald. 2001.
Prosent**

	Tenåringsmødrer			Andre mødrer		
	Åleine-mor hushald	Par-familiar	Fleir-mor	Åleine-mor	Par-hushald	Fleir-familiar
Prosent i lågaste kvintil	51	34	35	32	16	15
Prosent i låginntektsgruppa	11	8	6	7	2	4
Talet på observasjonar	61	327	23	478	4 906	190

Kjelde: Inntekts- og formuesstatistikk for hushald, Statistisk sentralbyrå.

tenåringsmødrene har låg utdanning (utdanning under vidaregåande skule²) er det tilsvarende talet berre 5 prosent for dei andre mødrere.

Det er også verdt å merka seg at det er særstakt få av dei kvinnene som blir mor for første gong i tenåra, som tar høgare utdanning. Medan 37 prosent av andre mødrer held fram utdanninga på anten høgskule eller universitet, er det berre 6 prosent blant tenåringsmødrene som tar utdanning utover vidaregåande skule.

Fleire åleinemødrer blant tenåringsmødrene

Dobbelt så mange tenåringsmødrer lever i hushald der dei er einslege forsør-gjarar (28 prosent) som blant andre mødrer (15 prosent). Dersom me sammenliknar inntektene for åleinemødrer og inntektene for par kvar for seg, har tenåringsmødrene dei lågaste inntektene. Medan inntekt etter skatt for hushald med einslege tenåringsmødrer i gjennomsnitt er 210 000 kroner, er gjennomsnittleg hushaldsinntekt 244 200 kroner for andre einslege mødrer. Tenåringsmødrer som bur åleine har med andre ord i gjennomsnitt 14 prosent mindre i inntekt etter skatt enn andre mødrer som bur åleine.



Det er også ein klår skilnad i hushaldsinntekta til tenåringsmødrer og andre mødrer som lever i parhushald. Dersom me ser på inntekt etter skatt i hushaldet, så utgjer inntekta til tenåringsmødrer i parhushald 85 prosent av det dei andre mødrere i tilsvarende hushald har. Målt i inntekt per forbrukseining er skilnaden noko større.

Åleinemødrerne er overrepresenterte i lågaste inntektsklasse: heile 51 prosent av tenåringsmødrene som samstundes er åleinemødrer hamnar her. Også for dei to andre hushaldstypane ser me at det blant tenåringsmødrene er langt fleire som hamnar i låginntektsgruppa eller i lågaste inntektsklasse enn for andre mødrer.

Dobbelt så mange med ikkje-vestleg bakgrunn blant tenåringsmødrere

11 prosent av tenåringsmødrene og 6 prosent av dei andre mødrere har ikkje-vestleg bakgrunn. Mødrer med ikkje-vestleg bakgrunn er også overrepresenterte blant dei med låg inntekt samanlikna med heile befolkninga. Skilnaden mellom tenåringsmødrer og andre mødrer er derimot ikkje like stor som i heile befolkninga. Medan 57 prosent av tenåringsmødrene blant mødrer med ikkje-vestleg bakgrunn har ei hushaldsinntekt i lågaste kvintil, er det tilsvarende talet for dei andre mødrere 50 prosent. 24 prosent av tenåringsmødrene har ei hushaldsinntekt som gjer at dei hamnar i låginntektsgruppa. Blant dei andre mødrere hamnar 16 prosent i låginntektsgruppa.

Tenåringmødrer er meir avhengige av overføringer

Hushald med tenåringmødrer står fram som meir avhengige av overføringer enn hushald med andre mødrer. Blant hushald med tenåringmødrer mottok 18 prosent sosialhjelp i 2001, blant andre mødrer utgjorde mottakarane av sosialhjelp vel 5 prosent. Fire gonger så mange hushald med ei tenåringsmor mottek bustøtte som andre mødrer. Også når det gjeld stønad til barnetilsyn er tenåringmødrene overrepresenterte, dobbelt så mange mottek slik stønad i forhold til andre mødrer. Eitt av fem hushald med tenåringmødrer mottek stønad til barnetilsyn.

På same måte som det for samanliknbare hushaldstypar er store skilnader i hushaldets inntekt etter skatt, er det også klare skilnader mellom tenåringmødrer og andre mødrer i omfanget av offentlege stønader. Dette gjeld for fleire av dei ulike stønadstypane. Nær dobbelt så mange av dei einslege tenåringmødrene mottek sosialhjelp samanlikna med andre åleinemødrer. Når det gjeld sosialhjelp er det er likevel mellom parhushald at me ser den klårasste skilnaden. Tenåringmødrer som lever i parhushald mottek sosialhjelp seks gonger så ofte som andre par. For bustøtte er biletet mykje det same, men skilnaden i omfang av bustøtte er større mellom parhushalda og litt mindre mellom åleinemødrene. Like mange åleinemødrer mottek stønad til barnetilsyn uavhengig av om dei er tenåringmødrer eller ikkje. For parhushalda er det slik at tre gonger fleire av tenåringmødrene mottek slik stønad. Eit interessant trekk er at bildet for kontantstøtte er motsett av dei andre stønade-ne for åleinemødrene. Over dobbelt så mange av dei andre mødrere mottek kontantstøtte i forhold til tenåringmødrene. Blant parhushald mottek dobbelt så mange grunn- og hjelpestønad blant tenåringmødrene som dei andre mødrrene.

Lågare yrkesaktivitet blant tenåringmødrer i parhushald

Yrkestilknytinga³ til hushaldet har stor innverknad på dei økonomiske levekåra. At tenåringmødrene er meir avhengige av overføringer, kan tyda på at tilknytinga til arbeidslivet er därlegare for denne gruppa enn for dei andre mødrrene. Tala viser også at så er tilfelle. Tre gonger så mange tenåringmødrer bur i hushald utan yrkestilknytte (21 prosent).

Når me deler inn etter hushaldstype, er skilnaden størst for åleinemødrene. Medan 46 prosent av tenåringmødrene som er åleinemødrer har yrkestilknytte i hushaldet, ligg talet for dei andre mødrere 20 prosentpoeng høgre. Også for parhushalda kan noko av den store skilnaden mellom tenåringmødrer og andre mødrer forklaast av ulik tilknyting til arbeidslivet. Nær sagt alle andre mødrer i parhushald bur med yrkestilknytte, men også ni av ti tenåring-

mødrer bur i parhushald med yrkestilknytte. Den store skilnaden her er om hushaldet har ein eller fleire yrkestilknytte. I parhushald med tenåringsmor er det halvparten som bur i hushald med to yrkestilknytte, blant dei andre mødrrene bur tre av fire i slike hushald.

Tabell 3. Tenåringmødrer og andre mødrer i same type hushald. 2001. Prosent som mottar ulike typer stønad

	Tenåringmødrer			Andre mødrer		
	I alt ¹	Åleinemor	Parhushald	I alt ¹	Åleinemor	Parhushald
Sosialhjelp	18	27	13	5	15	2
Bustøtte	17	34	10	5	21	1
Stønad til barnetilsyn	19	48	7	10	50	2
Kontantstøtte	29	8	38	31	18	34
Grunn- og hjelpestønad	11	6	13	7	7	7
Talet på observasjonar	411	61	327	5 574	478	4 906

¹ I alt inkluderer også fleirfamiliær.

Kjelde: Inntekts- og formuessstatistikk for hushald, Statistisk sentralbyrå.

Ein firedel av inntekta kjem som overføringer

Dersom me ser kor mykje dei ulike inntektskomponentane i gjennomsnitt utgjer av samla inntekt, ser me at for tenåringsmødrerne står overføringerar for 26 prosent, for dei andre mødrere er det tilsvarende talet 12 prosent. For tenåringsmødrer som er åleinemødrer utgjer overføringerar nær 60 prosent av den samla inntekta. Den største komponenten her er ytingar frå folketrygda som utgjer nær ein femdel av den samla hushaldsinntekta for denne gruppa. Ei viktig yting her er overgangsstønad. Ein annan stor overføringspost er barnetrygd. Andre åleinemødrer får ein større del av den samla hushaldsinntekta som yrkesinntekt, men også for desse åleinemødrene står ytingar frå folketrygda og barnetrygd kvar for ein tidel av den samla inntekta i hushaldet.

Skilnaden mellom parhushald med tenåringsmødrer og andre mødrer følger same mønster som for åleinemødrrene. For desse utgjer yrkesinntekta ein langt større del av den samla inntekta. Likevel er det slik at for parhushald med tenåringsmødrer utgjer overføringerar i gjennomsnitt dobbelt så mykje av den samla inntekta til hushaldet. Ein femdel av hushaldets inntekt kjem for denne gruppa frå overføringerar, igjen med ytingar frå folketrygda og barnetrygd som dei største komponentane.

Tabell 4. Inntektsrekneskap. Tenåringsmødrer og andre mødrer i same type hushald. Gjennomsnitt og del av samla hushaldsinntekt. 2001

	Tenåringsmødrer			Andre mødrer		
	I alt ¹	Åleine-mor	Par-hushald	I alt ¹	Åleine-mor	Par-hushald
Yrkesinntekt	72	41	78	85	58	88
Kapitalinntekt	2	1	2	3	1	3
Overføringer	26	58	20	12	41	9
Skattepliktige overføringer	12	32	8	5	22	3
Av dette:						
Ytingar frå folketrygda	7	19	4	3	12	2
Arbeidsløysetrygd	1	2	1	1	1	1
Skattefrie overføringer	14	26	12	7	19	6
Av dette:						
Barnetrygd	7	13	6	4	10	4
Bustøtte	1	3	0	0	1	0
Sosialhjelp	2	2	2	0	2	0
Grunn- og hjelpestønad	1	1	1	0	1	0
Kontantstøtte	2	1	2	1	1	1
Stønad til barnetilsyn	1	3	0	0	3	0
Samla inntekt	100	100	100	100	100	100
Inntekt etter skatt	80	90	79	74	85	73
Samla inntekt	425 100	233 700	496 600	577 400	288 700	629 000
Inntekt etter skatt (IES).....	341 600	210 000	390 000	427 600	244 200	459 800
IES per forbrukseining (OECD-skala)	132 300	117 300	137 700	167 800	140 800	172 700
Talet på observasjonar	411	61	327	5 574	478	4 906

¹ I alt inkluderer også fleirfamiliar.

Kjelde: Inntekts- og formuesstatistikk for hushald, Statistisk sentralbyrå.

Yrkesdeltaking er viktigast for å unngå låginntekt

Gjennomgangen viser at forklaringa på at tenåringsmødrrene kjem dårlegare ut økonomisk enn andre mødrer er samansett. Dels kan det forklara med at tenåringsmødrrene i utvalet har lågare alder, dei har lågare utdanning, fleire er åleinemødrer og at dei har dårlegare yrkestilknyting enn mødrer som får barn seinare. Men er det framleis slik at mødrer som får barn i tenåra kjem dårlegare ut seinare i livet når dei står likt med andre mødrer kva gjeld alder, utdanning, hushaldstype og tilknyting til arbeidslivet?

For å svara på dette samanliknar me styrkeforholdet mellom dei ulike forklaringsvariablane for låginntekt ved hjelp av logistisk regresjon. Tabellen frå denne analysen er tilgjengeleg på <http://www.ssb.no/samfunnsspeilet>.

Det er talet på yrkestilknytte i hushaldet som viser den sterkeste forklaringa på låginntekt. Mødrer heilt utan yrkestilknytte i hushaldet har langt større sannsyn for låginntekt enn andre, og sannsynet for låginntekt min-

kar raskt når talet på yrkestilknytte i hushaldet stig. Også ikkje-vestlege innvandrarar har større sannsyn for låginntekt. Delvis kan dette forklaraast med at dei har lågare yrkesdeltaking enn andre grupper. Men også når me tek omsyn til talet på yrkestilknytte i hushaldet, er det eit klårt høgare sannsyn for låginntekt blant mødrer som er ikkje-vestlege innvandrarar.

Talet på yrkestilknytte i hushaldet påverkar også sannsynet for at åleinemødrer har låginntekt. Eit interessant trekk er at ei yrkesaktiv åleinemor har mindre sannsyn for låginntekt enn eit par der berre den eine vaksne er yrkestilknytt. Åleinemora kan med andre ord lettare forsørgja heile hushaldet enn par med berre ei yrkesinntekt.

Det viser seg at det å vera tenåringsmor har ein innverknad på seinare låginntekt – også når det vert kontrollert for dei andre forklaringsvariablane i modellen. Men mykje av skilnadene mellom tenåringsmødrer og andre mødrer let seg forklara av at dei har lågare utdanning, at fleire av dei er åleine-mødrer og at dei har svakare yrkestilknyting.

Oppsummering

Blant norske kvinner som har blitt mødrer i perioden 1986-2001 er tenåringsmødrane overrepresenterte blant dei med låginntekt. Forklaringsa på dette er samansett. Me har i denne artikkelen vist at tenåringsmødrane skil seg ut frå andre mødrer på fleire område. Tenåringsmødrane er langt meir avhengige av offentlege overføringer. 3 av 10 tenåringsmødrer er åleinemødrer, nær dobbelt så mange som blant dei andre mødrane. Tenåringsmødrer med ikkje-vestleg bakgrunn er overrepresenterte blant dei med låginntekt, over halvparten av dei har ei hushaldsinntekt som er blant den femdelen som har lågast inntekt i landet. Berre 6 prosent av tenåringsmødrane har utdanning på høgskule- eller universitetsnivå, mot 37 prosent blant andre mødrer. Den store skilnaden i utdanning heng saman med at fleire kvinner tek høgare utdanning, og at alderen for førstegongsfødande har auka dei siste åra. Om denne trenden held fram, er det såleis grunn til å tru at skilnaden i utdanningsnivå mellom tenåringsmødrer og andre mødrer vil bli endå større så lenge dei andre mødrane utsett å få barn på grunn av at dei vil fullføra utdanninga si først.

Når me ser på fleire forklaringar i samanheng, er det yrkestilknyting som gir den sterkeste forklaringa på låginntekt. Som nemnt i innleiinga, så har fleire analyser vist at nettopp tilknyting til arbeidslivet er avgjeraande for om ein har dårlege økonomiske levekår eller ikkje (sjå til dømes Lyngstad og Epland 2003).

Trass i at dei blir færre, er norske tenåringsmødrer ei økonomisk utsett gruppe. Dei økonomiske ulempene ved å bli tenåringsmor ser ut til å vara ved og så seinare i livet, sjølv om det naturlegvis er avgrensa kva inntektsdata for eitt enkelt år kan sei oss om dette. Analyser der dei økonomiske levekåra til tenåringsmødrer kan studeraast over tid (paneldata) vil kunna gje betre svar på korleis det går med tenåringsmødrane seinare i livet.

¹ Dette gjeld levadefodde barn blant tenåringsjenter (13-19 år) basert på tal frå befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

² Kodeliste utdanningsnivå (NUS2000)
0 = Uoppgett, inga utdanning og førskuleutdanning
1 = Barneskuleutdanning
2 = Ungdomsskuleutdanning
3 = Vidaregående, grunnsdanning
4 = Vidaregående, avsluttande utdanning
5 = Påbygging til vidaregående utdanning
6 = Universitets- og høgskuleutdanning, lågare nivå
7 = Universitets- og høgskuleutdanning, høgare nivå
8 = Forskarutdanning

³ Som yrkestilknytte reknar me personar som har lønn og/eller netto næringsinntekt større enn folketrygda si minstetyng (minstepensjon) til einslege.

Referansar

Berthoud, Richard og Karen Robson (2001): *The Outcomes of Teenage Motherhood in Europe*, Innocenti Working Paper no. 86, UNICEF Innocenti Research Centre.

Fløtten, Tone (2003): Fattigdom i en velferdsstat, *Tidsskrift for velferdsforskning*, 2/2003.

Lyngstad, Jan og Jon Epland (2003): *Barn av enslige forsværgere i lavinntektsfamilier. En analyse basert på registerdata*, Rapporter 2003/12, Statistisk sentralbyrå.

Myklestad, Ingri (2003): *Forebygging av uønskede tenåringsvangerskap*

Implementering og evaluering av en skoleintervasjon i Oslo, Rapport 2003/2, Nasjonalt folkehelse-institutt.

Statistisk sentralbyrå (2003): *Inntektsindikatorer for ulike grupper*, Dagens statistikk 08.10.2003.

Statistisk sentralbyrå (2004): *Økonomi og levekår for ulike grupper, 2003mø*; Rapporter 2004/2.

Ugreninov, Elisabeth (2004): Hvorfor jobber så få alenemødre?, *Samfunnsspeilet* 6/2003, Statistisk sentralbyrå.

UNICEF (2001): *A league table of Teenage Births in Rich Nations*, Innocenti Report Card Issue no. 3 July 2001, UNICEF Innocenti Research Centre.